

Forskrift om gebyr for sakshandsaming og tilsyn av avløpsanlegg, Askvoll kommune, Vestland

Kapitteloversikt:

- Kapittel 1. Generelle vilkår (§§ 1-1 - 1-4)
- Kapittel 2. Sakshandsamingsgebyr (§§ 2-1 – 2-3)
- Kapittel 3. Gebyr for tilsyn av avløpsanlegg (§ 3-1)
- Kapittel 4. Ikraftsetjing (§ 4-1)

Heimel: Fastsett av Askvoll kommunestyre 15. desember 2021 med heimel i lov av 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova) § 52a, jf. forskrift av 1. juni 2004 nr. 931 om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta) § 11-4, og lov av 10. februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningslova) § 27a.

Kapittel 1. Generelle vilkår

§ 1-1. Verkeområde

Forskrifta gjeld gebyr for kommunen si sakshandsaming og tilsyn med avløpsanlegg der Askvoll kommune er forureiningsstyresmakt etter forureiningsforskrifta kapittel 12 og 13.

§ 1-2. Definisjonar

I denne forskrifta tyder:

- a. Avløpsanlegg: Anlegg for handtering av sanitært avløpsvatn frå bustadhus, hytter og liknande, og kommunalt avløpsvatn frå mindre tettstadar.
- b. Avløpsvatn: Sanitært avløpsvatn er i hovudsak avløpsvatn frå menneska sitt stoffskifte og frå hushald, inkludert avløpsvatn frå vaskerom, kjøkken, bad eller liknande.
- c. Tilsyn: Det samla arbeidet som kommunen har med kontroll med at reglane og vedtak fatta i medhald av kapittel 12 og 13 i forureiningsforskrifta vert følgd, inkludert dokument- og systemkontroll, stadlege tilsyn og nødvendige reaksjonar i form av varsling og pålegg.

§ 1-3. Om gebyra

Gebyra skal dekke kommunen sine kostnadar med tenesta, og skal samla ikkje overstige kommunen sine kostnadar med sakshandsaming og tilsyn (sjølvkostprinsippet),.

Gebysatsane vert fastsett årleg av kommunestyret, og trer i kraft frå det tidspunkt kommunestyret vedtek. Kommunestyret kan fastsetje ulike satsar ut frå saksomfang.

Gebyra er tvangsgrunnlag for utlegg, jf. forureiningslova § 52a og tvangslova kapittel 7.

§ 1-4. Klage

Enkeltvedtak med heimel i denne forskrifta kan påklagast etter reglane i forvaltningslova. Klagen vert handsama av formannskapet. Gebyr må betalast innan forfallsdato sjølv om gebyrvedtaket er påklaga. Det er ikkje høve til å klage på reglane i denne forskrifta eller gebyrsatsane fastsett med heimel i forskrifta.

Kapittel 2. Sakshandsamingsgebyr

§ 2-1. Utsleppsløyve for sanitært avløpsvatn frå separate avløpsanlegg

Tiltakshavar skal betale eit eingongsgebyr for kommunen si sakshandsaming ved søknad om løyve, eller endring av løyve, til utslepp av sanitært avløpsvatn frå hus, hytter og liknande, jf. kap. 12 (§§ 12-4 og 12-14) i forureiningsforskrifta.

§ 2-2. Utsleppsløyve for kommunalt avløpsvatn frå mindre tettstadar

Tiltakshavar skal betale eit eingongsgebyr for kommunen si sakshandsaming ved søknad om løyve, eller endring av løyve, til utslepp av kommunalt avløpsvatn frå mindre tettstadar, jf. kap. 13 (§§ 13-4 og 13-17) i forureiningsforskrifta.

§ 2-3 Betalingsplikt

Alle som får utført tenester etter kapittel 2 i denne forskrifta skal betale gebyr. Dette gjeld òg ved avslag på søknad. Tiltakshavar er ansvarleg for betaling av gebyret.

Kommunen kan i særlege tilhøve fråfalle krav om gebyr eller redusere gebyret dersom det i enkeltsaker vil vere urimeleg høgt.

Kapittel 3. Gebyr for tilsyn av avløpsanlegg

§ 3-1 Tilsynsgebyr

Tilsynsgebyr er eit årleg gebyr som skal betalast av eigar at eigedommar med utslepp av sanitært avløpsvatn som kjem under § 12-1 i forureiningsforskrifta. Gebyrplikta gjeld pr. bueining.

Storleiken på tilsynsgebyra vert fastsett årleg av kommunestyret. Kommunestyret kan avgjere om årsgebyret skal fakturerast over fleire terminar. Gebyret kan differensierast etter storleik på avløpsanlegget og tømmeffrekvens.

Dersom ein ynskjer mellombels eller varig fritak for tilsynsgebyr for ein eigedom, må eigar sende skriftleg søknad til kommunen. Fritak føreset at vasstilførselen vert stengd og plombert.

Kapittel 4. Ikraftsetjing

§ 5-1. Ikraftsetjing

Forskrifta tek til å gjelde frå 1.januar 2022